

EKSINGEDALEN

HEGE MARIE LAVIK

NÆRBUTIKKEN

LAVIK

VAKSDAL

I rute med nyebutikken på Lavik



STATUS: Det husar seg som det skal i nyebutikken på Lavik, fortel eigar og styrar Hege Marie Lavik. Foto: Jan-Egil Dyvik (arkivfoto)

Av [Jan-Egil Dyvik](#)

Publisert: 01.11.24 12:30

Del

- Slik det no ser ut, så kan eg truleg ønskja velkomen til ny butikk på Lavik i slutten av februar eller tidleg i mars, seier Hege Marie Lavik.

 For abonnentar

Ho fortel at det meste ser ut til å vera i rute no. Det er for lengst tett hus, taket inne er panelt, montering av systemtak er gjort, elektrikararbeid, ventilasjon og støyping er i gang, det føregår mykje på same tida no, fortel ho.



KAFEKROK: Her vil kafekroken koma, med utsikt mot elva, viste Hege Marie Lavik, tidlegare i sommar. Foto: Jan-Egil Dyvik (arkivfoto)

Leveringstid

- Kjøl- og fryseanlegg er klare til montering, så dette utviklar seg i fin fart no. Det har vel eigentleg gått litt fortare enn eg hadde rekna med. Eg hadde tidlegare håp om tett tak på bygget før vinteren og snøen kom. Og det heldt og vel så det, seier ho fornøgd.

Mykje av det Lavik skal ha inne i butikken er det leveringstid på — seks til åtte veker.



LES OGSÅ
- No ser det verkeleg bra ut

- Går som det skal

- Det er på ein måte ikkje sjølve bygginga og kor fort det går som avgjer når eg kan opna dørene att. Det er meir at eg bestiller det som trengst i god tid. Og at leveringa ikkje vert forseinka. Status no er i alle fall at dette utviklar seg slik det skal, seier Hege.

ANNONSE



LES OGSÅ
- Kan stå ny butikk klar i februar

Ope som før

Går det like bra framover, ja, så kan butikken på Lavik ta til å levera til kundane om rundt fire månader, fortel ho vidare.

Ho skal sjølv ha leilegheit over butikken saman med familien.

Butikken vil elles verta driven på same måten som før når det gjeld opningstider og tilgang til butikken etter ordinær opningstid.



LES OGSÅ

Vil byggja opp att butikken

Les meir om: [Eksingedalen](#) [Hege Marie Lavik](#) [Nærbutikken](#) [Lavik](#) [Vaksdal](#)


Se kommentarer

Fleire saker



Feia gjennom sesongen med nesten berre sigrar

ANNONSE



GARMIN.

KNOW THE REAL YOU

Venu® 3 & vivoactive® 5